

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Silja Ekeland Bjørkly (H) sette på vegner av H, FRP, KRF fram slikt forslag:

«Alternativ

1. Fylkestinget i Vestland stiller seg positive til Stiftelsen Danielsen sin søknad til Utdanningsdirektoratet om etablering av yrkesfag i Bergen.
2. Den planlagde kapasiteten i bygg- og anleggsteknikk og naturbruk vil ikke ha store negative konsekvensar for tilboda i den offentlege skulestrukturen.»

Avrøysting

Ekeland Bjørkly sitt forslag fekk 7 røyster (KRF, FRP, H, FNB) og fall.

Innstillinga vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 7 røyster (KRF, FRP, H, FNB).

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget stiller seg negative til Stiftelsen Danielsen sin søknad til Utdanningsdirektoratet om etablering av yrkesfag i Bergen.
2. Fylkestinget syner til samråystes tilråding frå yrkesopplæringsnemnda i møte 19.05.2021. Utvalet står tilrådinga til yrkesopplæringsnemnda, og ber om at denne vert vedlagt i uttalen frå Vestland fylkeskommune.
3. Fylkestinget ber Utdanningsdirektoratet både vurdere konsekvensane for dei einskilde utdanningsprogramma, for tilboda sitt geografiske nedslagsfelt og dei meir generelle konsekvensane av ein aukande del privatskuleplassar totalt sett i fylket over tid.